

14/1432

24-February-2014



LINDÅS KOMMUNE

Halliburton AS
Storemyra 271
5954 MONGSTAD

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering 232	
14. 02. 2014	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Økonomiavdelinga
Besøksadresse:
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Eirik Schütz
Vår ref. Telefon
56 37 54 60
Arkivkode: Dato:
07.02.2014

Varsel om taksering/omtaksering med omsyn på eigedomsskatt

Det er tidlegare føreteke ei allmenn taksering av «verk og bruk» på Dykkar eigedom, gnr. 127 bnr. 101 og eigedom, gnr. 127 b.nr. 62 .

Verdsetjinga blei fastsatt i medhald av Lov om eigedomsskatt til kommunane [eigedomsskattelova] § 8A-3.

Det følgjer av paragrafens punkt (5) at

«Omtaksering av ein eigedom skal skje dersom det i tida mellom dei allmenne takseringane, ligg føre ein av dei følgjande grunnane:

- a) eigedomen er delt,
- b) bygningar på eigedomen er rive eller øydelagt av brann eller liknande, eller
- d) det er ført opp nye bygningar eller gjort monalege forandringar på eigedomen.»

Takstnemnda ønskjer i så høve å gjennomføre ei synfaring på Dykkar eigedomar på, gnr. 127, bnr. 101 og gnr.127, bnr. 62, **onsdag 12. februar 2014, i tidsrommet. kl. 10.30 – 13.30.**

Takstnemnda som er utnemnd av kommunestyret, består av følgjande personar:

Leiar: Leidulv Brunborg
Nestleiar: Ingrid Fjeldsbø
Medlem: Rolf Henning Hegland

Takstnemnda ber om at de stiller med ein representant til stades under synfaringa. Det er ønskjeleg å få sjå teikningar, byggjerekneskap, eventuell annan takst o.l.

For nærare informasjon kan De ta kontakt med Lindås kommune ved Eirik Schütz, tlf.: 56 37 54 60 – mob.tlf.: 40913550. E-post: eirik.schutz@lindas.kommune.no

Dersom det vert fastsette ny takst, vil det bli sendt melding. Taksten kan då påklagast til klagenemnda ved å krevje overtakst innan seks veker etter at taksten er lagt ut til offentlig ettersyn den 1. mars, jf. eiendomsskattelova § 19 kor det mellom anna følgjer

«Skattytaren kan klage på den utskrivne eigedomsskatten. Klaga må gjevast inn skriftleg til eigedomsskattekontoret innan seks veker frå det seinaste tidspunktet av den dagen det vart kunngjort at eigedomsskattelisten var utlagd eller dagen skattesetelen vart sendt i samsvar med

DER DRUMAR BLIR RØYNDOM



§ 14. Klage over verdet kan bli fremja kvart år i samband med den årlege utskrivninga av eigedomsskatt, dersom det ikkje er klaga på same grunnlag tidlegare år.

Er eigedomen bortleigd og skal leigaren svare eigedomsskatten, har leigaren likevel høve til å klaga over det verdet som ligg til grunn for eigedomsskatten. Klaga må vera sett fram for skattekontoret, innan fristen som er nemnd i første leden. Avgjerd i klagesaka får verknad også for formueslikninga åt eigaren.»

Med helsing

Janne Sund
budsjett- og økonomisjef



Eirik Schütz
kommuneadvokat